Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12

Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Hjartdal

Emne: Gamal engkultur

Bygdelag:

Oppskr. av: Aanund Hardang

Gard:

(adresse): Sj. Hjartdal

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Gjordet heime på garden vart kalla
eng i motsetnad til slåtteland som
som gjeng under namn av uteslåtte som
og vart kalla skrapslåtte. Det var
slåtte som sjeldan eller aldri vart
gjødsla - hoda -
Var eit stykke jord haddi vore
opp-pløgd til åker og denne vart
attlagd vart det kalla ekre.
Kvar når det ein stad anten i heime-
gjordet eller i utmarka ein gong hadde
vore åker so heitte det "ekre".
Når engi hadde vorte godt gjødsla so
det var kra med gras so heitte det sykk-
eng (Sjukking). Var det ein engstöl der
det hadde vore kröter året før so det var
kra med gras, heitte det kve-engstaule
Her i Hjartdal heiter det „stule" - (stöl, seter).
Ein skilde nok millom langorvslått og
stuttorvslått både i heimegjordet og i ut-
slåtten.
2 Om våren like etter våronna bruka
ein alltid å „róa" d. v. s. å raka burt lauv, kvist
og stein som hadde komi utover der ein bruke å slå

5956

Likeins måtte skråskog hoggast ned og ryddast burt. Litle arbeidet blei nok mykje gjort i hobballen (h          tida mellom varonna og slåtten). Slike stykke vart mykje kalla „runningar" – rudningar. Lekt som ikkje var skikka til brunneved vart for det meste brent. Ein bruka nok ofte – å bryta opp steinar frå slike utslåtter.

3 Sovidt eg har fenge oppspurt bruka dei sjeldan eller aldri grasfrø i gamal tid.

4 Ein bruka mykje å laga opne veiter der jorda var mykje vatssjuk. Likeins bruka å laga opne skålveiter til å leide vatn frå bekkjen utover turre engstykke. Ved enden av slike veiter (uttsala vreitur) la dei då naturgjødsel so enga vart gjødsla på den måten. Det kunne vera kugjødsel, bakkingjødsel eller sauetadd.

5 Å gjødsle eng- utslåtter med vintergjødsel har nok vore i bruk frå eldgamal tid. Kor stor part av vintergjødsla som vart bruka slik til overgjødsling var, nok so ymist. Nokor viss part er ikkje godt å seia.
Kor mykje slik gjødsel som vart bruka er ikkje godt å seia; men mange som hadde mykje gjødsel breidde tjukt utover.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

6 Eng som vart hevda (gjødsla) slikt med slik vintergjødsel vart tjukkeng. Høyet på slik eng hiette hevdehøy.

7 Det var nok vanleg skikk, å setja husa slik at beste engstykka skulle få hevde sig frå husestadin, serleg frå uthusa og dei bruka ein rume stadir å grava små grefter so gjødslevatnet kunne verta spreidt mest mogeleg utover.
Det var ogso velkjendt at slåtteeng ned under ein bratt åker fekk slikt hevde sig. Høyet i åkerreinar var meir hevdehøy og vart kalla „reinehøy."

8 Ein bruka nok å gjødsle engo både vår og haust; men mest var det nok mest ~~bruk~~ bruka å gjødsle om våren og då so tidleg som råd om våren med same snøen rieste.
Ein bruka då åg køyra ut gjødsla på møkslede og spreide gjødsla utover med ein møkgrip. Før dei fekk kjøpt møkgrip av jarn eller stål bruka dei møkgripar av av treein tregaffel med tvo tindar laga av ei bjørke klufst.
Både slike tregripar og treriver vart bruka til omkring 1890.
No hadde nok mange teke meir moderne reidskapar i bruk, men fleire bruka desse treriskapane som nemnt.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 5956

8 Det var nok vanleg at folk beitte heimegjerdet til langt framåtter 1900. Dette var nok ikkje med tanke på å gjødsle enga, men nærmast av gamal uvane d.v.s. dei let husdyra beite heimevollen haust og vår. Serleg var vårbeiting ein uting. Kunne sleppe dei dyra ut på vollen om hausten, so dei beiter opp håa etter at dei har slege og hausta den hå dei vil bårke eller ha i silo.
Verst var det vårbeiting grunna skort på høy i eldre tid. Den eng som dei prøvde å vare d.v.s. ikkje let husdyra beite var nysådd eng.

10 Det er nok stor skifte på engbeiting no og før ei 30–40 år sidan

11 For å jamna utover gjødsla som dyra la att etter seg bruka dei nok sume ei møkjaklubbe. Det var no helst på slåttestølane der dei hadde vore med krøteri om sumrane dette vart gjort.
Denne klubba var berre ein tiljamna bjørke-brand med tjukkare klump i den grøvre enden, fiellaga i ~~ein~~ hast.
Dei bruka også å køyre ei gran med kvistene og baret på utover sæter-vangen eller der dei hadde over-gjødsla eit engstykke.

12 Det har nok overalt i bygdene her vore bruka å ~~av~~ ha hunmargjøs, ~~der~~ i utkanten av heimebøen. Gjødsla som vart samla

5956
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

ved vårfjøsa vart då bruka til å gjødsle utslåttene. Det var nok for det meste berre ikkje slikt vårfjøs. Det heiter mest vårfjøs her, då det var mest bruka om våren før dei reiste til fjellstølen. Gjødsla vart då spreidd utover, so snart fjøset ikkje vart bruka lenger.

13. Mange stader brukte dei å ha krøtera i „grindar" om natta i den tida dei gjekk på beite.
På heimesetrane bruka dei ogso å ha krøtra i grindar (innhegningar) om sumrane. Dette gjeld serleg i øvre luten av Seljord og Vest-Telemark.
Her i Hjartdal bruka dei å gjerde inne heile setervollen. Kvar setervoll kallar dei ei „hegne".
Hegnene bruka dei å ha gar (gjerde) omkring endå om dei hadde fjøs. Dei nytta då fjøset berre i uver. Der dei bruka slike grindar (innhegningar) vart desse flutte kvar dag eller annankvar dag etter som det var lite eller mykje krøter. Men som nemnt er det onnorleis i Aust-Telemark der dei gjerde inn heile hegna. Kvar innhegne var samansett av mange einskilde grindar som var ei 3-4 m. lange, laga av flatskorne granbord ca. 10 cm breie som vart kalla spoler eller „spyler". Slike spyler var det 5 i kvar grind med „okar" i endene. Desse okane var då so lange at nedre enden gjekk ned i jorda i hol

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 

som vart laga med jarnspet („gönnstaur").
Dei övste endane rakk bjåo eit stykke
opp over grinda. Desse endane vart
då bundne saman med ein vidje-
ring som vart kalla honk (fl. henkar).
Eg trur nok dei brukar grindar enno i
Åmotsdal o.fl st.
15 Truleg bruka dei ymse skremsle til å halde
udyr burte den tid det var varg og bjørn,
men no er dette so lenge sidan at ingen
hugsar noko om dette.

16 Mor mi fortalde at ho hugsa godt at dei
bruka å liggja i nokre hus ved grindane
som dei kalla „koibud". Desse koibudene
stod på meiar so dei kunne flytjast.
Omkring 1888 fylgde eg med mor mi til
Rauland om sumaren og då såg me ei
slik koibud på ein gard. Eg vart
svært forviten og spurde etter kva
dette var for eit hus. Me såg då
huset bere på frådland. Om dette var i bruk
på denne tid, kan eg ikkje hugse.
Men truleg hadde dette nyleg vore bruka
på den tid. Garden heiter Tunnlid

17 Ved grindane fekk nok ikkje hjuringen
mat. Mat fekk han fyrst etter han kom
heim i huset eller sæterbua.
Som oftast fekk me då hjuringen grautet anten
nett koka so han var varm eller og kald-
graut, ~~med~~ med skjyrmjölk (tjukkmjölk)
og mykje rjome; eller og ein flatt-
brau-kolle med rjomemjölk. 5956

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Det vao eit rim som vao vanleg då eg vao liten som ljødde slik:
„Kaldgraut og geiteskjør det er hjuringens rett; men når han kjem på stølsvoll då hjatar han so lett".

5956

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Telemark
Hjartdal

Aamund Hardang

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Varet hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverike. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?

Denne måten å bera vatn er heilt ukjendt her på desse kantar.
Dette har vore noko lokalt for Tinn.



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ?

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

Fiskebein har nok ikkje vore bruka til brensel på desse kantar av landet.
I Langkvanne langt opp i Fjeld der det har vore vandt om ved frå skolen skal dei i gamle dagar ha bruka å tørka kumøk til brensel.

5840